

Referat frå leiarsamling i HSG på Thon Hotel Bergen Airport fred.29.okt. kl.10.00 til kl.15.00.

Det møtte 19 personar frå lokallaga, dei fleste var lokallagsleiarar. Audun Seilen frå gjetarhundnemnda, Kjell Steinar Løland frå avlsutvalet i NSG, Ove Holmås møtte frå Strilaverringen, vidare møtte Svanhild Aksnes frå FMH og Jarle Helland frå Beiteutvalet i Hordaland.

Sak.1. Leiaren ynskte vel møtt og tok fram det positive det er å produsere ei vare som er etterspurd og med grunnlag i å utnytte naturressursane som utmarksbeite er. Han la vekt på att det var fint att så mange kunne møta.

Sak.2. Kjell Steinar Løland som er regionkonsulent i NSG med saueavl i vest som felt snakka om avl.

Han er sauebonde i Forsand i Rogaland. Han viste til att avlsframgangen er merkbar frå 1999 til 2009, men me klarar ikkje ta ut denne framgangen, då miljøet ikkje alltid er optimalt. Det er og merkbar framgang på delindeks feitt og slakteklasse. Mest framgang er det på NKS. Lammetalet har gått opp, men ein har diverre auke i talet på daudfødde og tap

på samarbeite. Han påpeika att dei som ikkje er med i ring må kjøpa kåra verlam, ein reknar att avlsframgangen er på om lag 20.kr. pr.sau.

Sak.3. Savnhild Aksnes frå FMH snakka om organisert beitebruk. Ho viste til att det no er oppretta eit nytt beiteutval i Hordaland, Jarle Helland møtte for dei. Svanhild sa att formålet var å tilretteleggja for god utnytting av ut og innmark med minst mogeleg tap. Ho sa att tilsyn skal gjelde eigne og andre sine dyr, dette er og svært viktig ved sanking. Etter søknad i mars vert det utbetalt tilskot på kr. 17.pr sau og kr.30. pr storfe. Desse midlane er dekkja gjennom RNP sine midlar.

Stikkord er samarbeid og organisert ettersanking. Det var og presisert frå deltakarane kor viktig dette var no når færre hadde sau i utmark.

Det var sett fram ynskje att Beiteutvalet kunne halde møte ute i regionane for å treffe fleire frå miljøet. Vidare var det påpeika att det var mykje beite som i dag ikkje vart utnytta.

HSG var oppmoda om å ikkje gløyme geitehaldet som var ei viktig næring i Hordaland.

Sak.4. Leiaren orienterte om heimesida til HSG, denne vil verta utvikla vidare og ein vil att lokallaga kan nytte den til å leggje ut

stoff.Lokalaga vil og kunne opprette eige side der dei kan leggja ut lokale saker. Det kom gode tilbakemeldingar på att dette var viktig og leiaren fekk ros for den oppdatering som han alt har fått til.

Sak.5.Korleis auke aktiviteten i lokallaga ? Steinar Steine delte dei frammøtte opp i fire grupper. Det kom inn gode forslag, der dei fleste går ut på att det er lokallaga sjølve som må ta tak i dette.

Oppsummert var dette tema :Møte m/veterinær,der dei ulike tema vert teke opp.Ullinnsamling,fjelldagar,fleire må vera med på samlingar i fylkeslaget,tilskot til kjøp av kåra verlam,fjøsmøte,kåringssjå med noko auka sosial profil.Klippekurs,heimeside,kafe saman med bygdekvinnelaget,studiering,fakturar til andre deler av landet,fjøsmøte med ulike tema og ikkje minst gjekk det att det med fagmøter gjennom året med ulike tema er ein ting som aukar aktiviteten.

Leiaren takka for frammøte og ynskte lukke til med lagsarbeidet og oppmoda alle om å ta kontakt med fylkeslaget med det dei måtte vera opptekne av.

Etter denne samlinga vart alle med vidare på samlinga til Agro Hordaland.

Ref. Knut Sygnestveit.